



# DEN NORSKE KYRKJA

Kinn sokneråd

## Særutskrift for Kinn sokneråd

Tid: 05.05.2015

Kinn sokneråd har i møte den 05.05.2015 hatt denne saka til handsaming:

### 2015/19 Veival

#### VEDTAK

**1. Endringar mellom nivåa**

- Kinn SR meiner at endringar i fordelinga av oppgåver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå vanskeleg lar seg gjere med den finansieringsmodellen vi har i dag. Ei storstilt kommunesamanslåing kan endre deler av denne situasjonen.

**10. Dagleg leing for verksemda i soknet:**

- Ei utvikling i retning av større fellesrådsområder med overføring av ressursar frå sokn til fellesråd vil føre til at den daglege leiinga i soknet må fordelast på dei som alt er tilsette i soknet, i somme tilfelle ein prest. Faren er at ein får mindre kyrkje lokalt. Vi meiner det må vere rom for fleksible løysingar og ulike lokale variantar på spørsmålet om dagleg leiing i soknet.

**2. Er dagens finansieringsordning den beste for å sikre en bred folkekirke?**

- Kinn SR meiner at dagens finansieringsordning over kommunale og statlige budsjetter er den som best sikrar eit lokalt eigarskap og nærleik til kyrkja. Dette bør ein ta vare på.

**3. Dersom dagens ordning fell bort, kva vil vi då gå inn for?**

- Ein alternativ ordning med livssynsavgift vil «neppe» åleine kunne dekke målsettinga om ei landsdekkande folkekyrkje. Då må ein ha avbøtande tiltak og utjamning frå sentralt hald. D.v.s. at vi går inn for ei ordning med framleis offentlig finansiering i kombinasjon med ei livssynsavgift.

**16. Bør alle ansatte ha samme arbeidsgjevar?**

- Høyringa og diskusjonen omkring denne gjer utfordringane med to arbeidsgjevarlinjer til ei hovedutfordring i kyrkja. Etter vårt syn er det andre utfordringar som er større og som ikkje endringane gjev noko godt svar på, t.d. sviktande oppslutning om dåp og kyrkjelege handlingar, rekruttering til kyrkjeleg teneste og lokalkyrkja sin krevjande økonomiske situasjon mange stader.
- Det er ein del oppgåver som ikkje eit større fellesrådsområde vil kunne ivareta like godt som bispedømmenivået: felles målsettingar for regionen t.d. barneår eller ungdomsår, rekruttering til kyrkjeleg teneste, fordeling av ressursar etter endring i folketal, kurs og vidareutdanning for kyrkjeleg tilsette o.l.
- Vi er redd for at om avstanden aukar, mister folk tilhørighet og interesse, og vil begynne å kreve i staden for å yte.

Kinn sokneråd

*Signe Marie Landøy*

Signe Marie Landøy

Sekretær for Kinn sokneråd